



# Reguleringsføresegner for

## Statoil Industriområde

**Lovheimel: Plan- og bygningslova § 12-7**

**Kommunens saksnummer: 2014/1773**

**Plan-ID: 1263-201307**

<b>Revideringar:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Dato plankart:</b>
ABO Plan og Arkitektur	17.01.2014	17.01.2014
Administrasjonen	14.07.2014	17.01.2014

<b>Handsamingar:</b>	<b>Dato:</b>
1. gangs handsaming plan- og miljøutvalet	18.06.2014
2. gangs handsaming plan- og miljøutvalet	10.12.2014
Godkjent plan i kommunestyret	11.12.2014



# Austrheim og Lindås kommune

## Reguleringsføresegner for Mongstad Statoil industriområde

Jf. Plan- og bygningslova (pbl) § 12-5

### § 1 Felles føresegner

#### Reguleringsføremål:

Bygningar og anlegg, (PBl § 12-5 nr. 1)

Industri  
Energianlegg (Trafo)  
Annan type bygningar/anlegg  
Kontor/industri

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur,  
(PBL 12-5 nr. 2)

Køyreveg  
Gang og sykkelveg

Grøntstruktur, (PBL 12-5 nr. 3)

Grøntstruktur

Bruk av sjø, (PBL § 12-5 nr. 6)

Hamneområde i sjø  
Friluftsområde  
Småbåtanlegg i sjø med tilhøyrande  
strandsone

Sikringssoner, (PBL § 11-8a)

Frisikt

Faresone, (PBL § 11-8a)

Høgspenningsanlegg  
Brann- og eksplosjonsfare  
Eldsfarleg opplag

Sone med særlege omsyn (PBL § 11-8c)

Bevaring av kulturmiljø

Båndleggingssoner, (PBL § 11-8d)

Båndlegging etter lov om kulturminne

#### 1.1

#### Plankrav

I tilknyting til søknad om rammeløyve eller løyve til tiltak i felt I-3, skal det føreligge oversiktsplan for heile eller delar avfeltet.

I samband med oversiktsplan skal det leverast:

- Støyanalyse
- Analyse for fastsettning av sikringsfelt

#### 1.2

#### Rekkefølgje

Det må gjennomførast ei skredfarevurdering før område IND-8 kan byggast ut.

#### 1.2.2

Det kan ikke etablerast faklar i område IND 6 før høgspenningslinen er lagt om eller lagt i kabel.

#### 1.2.3

Før det kan gjevest midlertidig bruksløyve for nye byggetiltak (med unntak av etablering av faklar) i IND5 og IND6 med tilkomst frå vest, skal rundkjøring ved sambindingsveg, parkbelte og gang- og sykkelsti langs KV4 fram til rundkjøring i plan 1263-201102, og KV5 fram til aktuell avkjøring vere ferdigstilt.

#### 1.2.4

Før det kan gjevest midlertidig bruksløyve for nye byggetiltak i IND6 med tilkomst frå aust, skal Veg f\_V1, inklusiv gang- og sykkelveg og parkbelte, langs N2 i plan 1263-201110, rundkjøringa i plan 1263-201102 og parkbelte og gang- og sykkelsti langs KV4 fram til rundkjøringa i plan 1263-201102 vere ferdigstilt.

#### 1.2.5

Det må vere dokumentert sikra tilgang på vassforsyning (drikkevatn, slukkevatn, prosessvatn, etc.) før kvar enkelt bygning og installasjon kan få godkjent rammesøknad.

#### 1.2.6

Før rammeløyve kan gjevest for utbygging av felt IND3 og IND5-8, skal det ligge føre plan for handtering av overskotsmassar frå utbyggingsområdet. Jordmassar skal

	<p>primært deponerast på areal der massane kan nyttast til jordbruksføremål. Dersom det ligg føre kommunal plan eller retningsliner for massehandtering for området, kan desse nyttast som plan for massehandteringa</p>		<p>industri med tilknyting til foredling av petroleum, råoljeterminal, lagringsanlegg for råolje, reinseanlegg, faklar m.v.</p>
<b>1.3</b>	<b>Område for faresone – eldsfarleg opplag (H390)</b>  Før oppføring av nye tiltak eller flytting av tiltak kan godkjennast, skal det utførast eksplosjons- og risikoanalyse for å fastsette naudsynte avstandar mellom prosessområde og andre bygningar/anlegg.	<b>2.2</b> 2.2.1	<b>Industri – IND 2</b> Felt IND 2 kan nyttast til kraftvarmeverk og anna industri med tilknyting til foredling av petroleum.
<b>1.4</b>	<b>Grense for storulykke og sikringssone i sjø</b>  Arealavgrensing er markert som linjesymbol på plankartet. Grense for restriksjonsområde omfattar område som innanfor grenser for storulykker og sikringssone i sjø som er sett i medhald av Storulykkeforskrifta FOR 2005-06-17-672.	<b>2.3</b> 2.3.1	<b>Industri – IND 3</b> Felt IND 3 kan nyttast til prosessindustri, og anna industri og lagringsanlegg med tilknyting til foredling av petroleum.
<b>1.5</b>	 <p>I samband med vidare utbygging av området vil sikringsfeltet kunna flytta seg. Ny plassering skal godkjennast av kommunen.</p> <b>Overvasshandtering</b> <p>Lokal overvasshandtering skal leggast til grunn ved detaljutforming og prosjektering av tiltak. Gjennomføring av bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i avrenningssituasjonen nedstraums frå byggeområde og vegar. Der oppsamla overvatn vert ført ut i terrenget eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka flaumfare eller redusert kvalitet på areala nedstraums for utsleppet.</p>	<b>2.4</b> 2.4.1	<b>Industri – IND 4</b> Felt IND 4 kan nyttast til lager, og andre støtte/servicefunksjonar knytt til industriområda.
		<b>2.5</b> 2.5.1	<b>Industri – IND 5</b> Felt IND 5 kan nyttast til faklar, lager og andre støtte/servicefunksjonar knytt til industriområda. Utnyttingsgrad kan vere inntil 80 % BYA.
		<b>2.6</b> 2.6.1	<b>Industri – IND 6</b> Felt IND 6 kan nyttast til lager og andre støtte/servicefunksjonar knytt til industriområda og anleggsleir. Utnyttingsgrad kan vere inntil 80 % BYA.
		<b>2.7</b> 2.7.1	<b>Industri – IND 7</b> Felt IND 7 kan nyttast til lager og andre støtte/servicefunksjonar knytt til industriområda. Maksimal byggehøgd er kote + 85 meter. Utnyttingsgrad kan vere inntil 80 % BYA.
		<b>2.8</b> 2.8.1	<b>Industri – IND 8</b> Felt IND 8 kan nyttast til lager og andre støtte/servicefunksjonar knytt til industriområda. Maksimal byggehøgd er kote + 85 meter. Utnyttingsgrad kan vere inntil 80 % BYA.
	<b>§ 2 Bygningar og anlegg</b> (tbl § 12-5 nr. 1)	<b>2.9</b> 2.9.1	<b>Energianlegg (trafo)</b> Område for energianlegg (EA) kan nyttast til transformatorstasjon. Hovuddelen av tomta skal planerast på kote + 62,5 meter. Delar av tomta kan planerast på lågare nivå. Maksimal byggehøgd er kote + 85 meter.
<b>2.1</b>	<b>Industri - IND 1</b> 2.1.1 Felt IND 1 omfattar eksisterande anlegg og skal framleis nyttast til anlegg for oljeraffineri og anna		

## **2.10 Annan type bygningar og anlegg**

- 2.10.1 Felt AABA kan nyttast til konferanse- og opplæringssenter knytt til industriverksemda på Mongstad. Innafor dette området kan det også førast opp naust.
- 2.10.2 Utnyttingsgrad kan vere inntil 10 % BYA.
- 2.10.3 Maksimum byggehøgde kan vere inntil 12 m målt frå gjennomsnittleg terrengrundt bygningen. Naust kan ha maksimal høgd på 5,5 m.
- 2.10.4 Ved plassering og utforming av konferansesenteret skal det takast særlege omsyn til terren og omgjevnader. Anlegget skal ha god estetisk kvalitet.

## **2.11 Uthus/naust**

- 2.11.1 Innanfor område UN1 og UN 2 kan det oppførast inntil eit naust i kvart område. Nausta kan ha maksimal høgd på 5,5 m.

## **2.12 Kontor/industri**

- 2.12.1 Felt K/I kan nyttast til kontor, undervisning/opplæring og industriverksem knytt til Statoils verksemd. Dette omfattar og anleggsleir med tilhøyrande anlegg.
- 2.12.2 Utnyttingsgrad kan vere inntil 40 % BYA.
- 2.12.3 Maksimum byggehøgde kan vere inntil 25 m målt frå gjennomsnittleg terrengrundt bygningen.

## **2.13 Energi**

- 2.13.1 Innanfor dei nye byggeområda (IND5-IND8) skal det leggjast til rette for forsyning med vassboren varme. Nye bygg skal leggje til rette for lågt energiforbruk og for energiforsyning frå miljøvennlege energikjelder.
- 2.13.2 Planområdet ligg innanfor eit planlagt framtidig konsesjonsområdet for fjernvarme. For nye bygningar kan kommunen setje krav om tilknyting til fjernvarmenettet, jamfør pbl § 27-5.

## **§ 3 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur**

(pbl § 12-5 nr. 2)

### **3.1 Køyreveg**

- 3.1.1 KV1 – KV3 er felles for alle brukarane innafor Industriområde Mongstad. KV 4 er offentleg kjøreveg.

## **§ 4 Grønstruktur**

(pbl § 12-5 nr. 3)

### **4.1 Grønstruktur**

- 4.1.2 Innanfor felt G1, G2, G4 og G7 er det ikkje høve til å føre opp bygningar, konstruksjonar eller anlegg, med unntak av høgspentliner som er vist i plankartet.

- 4.1.3 Felt G3, G5 og G6 skal primært nyttast til naturområde, men med høve til å anlegge massetak og massedeponi, særlege konstruksjonar og tekniske installasjonar som er naudsint for industriområdet, og som ikkje kan plasserast på byggjeområde. Etter bruk skal massetak og massedeponi få ei fullgod terengmessig behandling.

## **§ 5 Bruk av sjø**

(pbl § 12-5 nr. 6)

### **5.1 Hamneområde i sjø (HA)**

- 5.5.1 Hamneområde i sjø er privat

- 5.5.2 Føremåls grensa i sjø fell saman med grense for sikringsfeltet. Det gjeld særskilte reglar for ferdsel innafor sikringsfeltet. Området skal markerast på sjøkart.

- 5.5.3 For tiltak i sjø må det i tillegg til byggeløyve også søkast løyve frå Bergen og omland Havnevesen.

- 5.5.4 For tiltak som medfører varige endringar av sjøbotnen, td. fylling, mudring eller massedeponi kan det

	krevjast marinarkeologiske undersøkingar, jf. Lov om kulturminne §§ 9, 10 og 14. Før det kan gis løyve til tiltak, skal det difor innhentast uttale frå Bergen sjøfartsmuseum.	<b>8.1. Bevaring av kulturmiljø</b> 8.1.1 I området er det registrert eit arkeologisk minne H 570 beståande av ei båstø og tørrmurt kai. Området er ikkje freda. Det er ikkje tillat å setje i verk tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørlig skjemma kulturminnet.
5.2	<b>Friluftsområde i sjø (FO)</b> Det er ikkje høve til gjere tiltak eller anlegg som er til hinder for områdets bruk som friluftsområde.	8.1.2 I H_570_2 ligg der to automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillat å setje i verk tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemma kulturminna. Ved vedlikehalda av kraftline i omsynssone for høgspenningsanlegg må det takast omsyn til dei automatisk freda kulturminna
5.3	<b>Småbåtanlegg i sjø med tilhøyrande strandsone</b>	
5.3.1	Småbåtanlegg (SAL1 og SAL2) er privat	

## § 6 Sikringssoner (tbl § 11-8a)

### 6.1 Frisikt

- 6.1.1 I området mellom frisiktleine og veg (frisiksone), skal det ved avkjøring være fri sikt i 0,5 m over vegens plan, jf. veglova § 31.

## § 7 Faresoner (tbl § 11-8a)

### 7.1 Høgspenningsanlegg

- 7.1.1 Faresone for høgspenningsanlegg er satt til 10 m utanfor ytste fase og er vist i plankartet. Innanfor faresona er det ikkje høve til å føre opp bygningar eller konstruksjonar.

### 7.3 Eldsfarleg opplag

- 7.3.1 For kvart enkelt utbyggingstiltak skal det gjennomførast ei eksplosjons- og risikoanalyse. Denne skal leggjast til grunn ved fastsetjing av naudsynle avstandar mellom installasjonar og andre bygningar, samt utstrekning av sikringsfeltet.

## § 9 Bandleggingssoner (tbl § 11-8d)

### 9.1 Bandlegging etter lov om kulturminner

- 9.1.1 Områda H730\_1 og H730\_2 inneheld automatisk freda kulturminne, gravminne. Det er ikkje tillat å setje i verk tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørlig skjemma kulturminna.

Os, 17.01.2014

i samsvar med vedtak av xx.xx.xx

## § 8 Sone med særlege omsyn (tbl § 11-8c)

